

etter jobb



tips:
57 84 90 00
sms/mms:
fjt tips til 2399
epost:
fjt@fjt.no



FESTIVAL: Fredag 28. og laurdag 29. august inviterer Stad kommune, Selje regionale pilegrimssenter og Den norske kyrkja ved Stad kyrkjelege fellesråd til Sunnivafestivalen i Selje. Bildet er frå Sunnivafestivalen i april 2017. FOTO: FJORDENES TIDENDE

Inviterer til festival over to dagar for å feire Sta. Sunniva

28. og 29. august inviterer Stad kommune, Selje regionale pilegrimssenter og Stad kyrkjelege fellesråd til Sunnivafestivalen i Selje.

I år er det 850 år sidan Sta. Sunniva sine leivningar vart flytta frå Selja til Bergen, og i den samanhengen blir det arrangert kystpilegrimsseglass frå Selja 29. august med ankomst til Bergen 5. september med ein kopi av Sunnivaskrinet,

forklarar Hanne Marie Utvær i Stad kommune.

På stoppestadane langs leia vil konfirmanter og andre fylle skrinet med papirblomar, bøner og draumar for framtida.

I Selje vil ein markere hendinga med eit rikhaldig program

som mellom anna frukostmøte om reiseliv, FNsambandet, strandrydding, kveldsbøn i Selje kyrkje, fakeltog med skrinet.

– Ungdomar frå ulike trussamfunn vil vere med og bere skrinet, og følgje det vidare.

Det blir også ope hus i Selje pilegrimsstove, guida tur over Selja med Stad Naturguiding, i tillegg til marknad og stands i sentrum og konsert med Ytre Nordfjord Brass i parken på laurdag. BUA er også open.

● **Torsdag 27. august** er det endeleg **Fjordlydag** igjen! Denne dagen blir det servert kjøtkaker med tilbehør til middag og is med frukt til dessert. Vi har gode smittevernrutiner og har plass til at folk skal få halde ein meters avstanden. Rolf Stave taler og Marte-Iren Lade syng på møtet. Fjordlymusikken spelar under leiding av Helge Totland. Etter møtet er det tid for kaffi, kaker og prat. Alle er velkomne! MARTE-IREN LADE

● **Bingo** i Svelgen samfunns- hus torsdag 27. august.

● **Guida tur til Vingen** frå Florø og Smørhamn kvar fredag frå midten av 19. juni til 21. august. Med atterhald om vær-tilhøva. I ein smal fjord med bratte fjell ikring ligg Vingen - eit av dei største og mest særmerka helleristningsfelt i Nord-Europa. Her er det avdekkja over 2200 ristningar, truleg laga av veidefolk i yngre steinalder (omlag 6000 år gamle). Hjorten er det vanlegaste motivet, men ein finn òg menneskefigurar og abstrakte symbol. Området er verna, og kun organisert ferdslar er tillate.

Ein har ikkje høve til å ta med seg hund til Vingen.

● **Jegermøte** i Svelgen samfunnshus måndag 24. august. Tema er auka uttak av hjort i jakta 2020, dyrevelferdsmessige gevinstar av å felle kalv så tidleg som mogleg og Hjorteviltregisteret.

● **Fellestur til Ålfotbreen** søndag 23. august. Oppmøtestad: Ålfoten vegkryss. Ta med mat og drikk til turen og rikelig med klede. Vêret kan skifte fort på ein så lang tur. Turleiar: Stei-

nar Isene og Rob Deckers. KEIPEN TURLAG

● **Fellestur til Hornindalsroken** 30. august. Oppmøte: YX Stasjonen på Grodås. Turleiar: Egil Kvalheim. Turen tek ca 6-7 timar. Frå YX stasjonen på Grodås køyrer vi i lag til Honndalssætra på ca 400 moh. Hugs å ta med pengar til bomveg! Fyrste del av turen går på anleggsveg, som er frå Tussa utbygginga i 1960-åra. Vi kryssar elva, og om litt startar vi på den bratte stien Rokkeraåsa. Her er det ein del stein, så vi

må vere litt varsame. På cirka 1220 moh har vi kome opp den bratte stien, og vi går nordover på snøfonner. Den majestetiske toppen ligg på 1529 moh. YTRE NORDFJORD TURLAG

● Svelgen Pensjonistlag held **medlemsmøte** på Samfunns- huset, Storsalen, onsdag 26. august.

● Kvalheim Kraft utlyser **75.000 kroner** til lag og organisasjonar i tidlegare Vågsøy kommune. Søknadsfrist er 20. september.

Opnar den nyrestaurerte kyrkja

Kinn kommune og Kinn kyrkjelege fellesråd ønskjer å invitere til opning av den nyrestaurerte kyrkja på Kinn søndag 30. august.

Det er Ola Teigen, ordførar i

Kinn kommune og Dag Almenning, leiar av Kinn kyrkjelege fellesråd som inviterer, og opninga vil også vere ei markering av Kystpilegrimsseglassene frå Selje til Bergen.

Programmet for dagen inkluderer tidebøn i kyrkja og offisiell opning ved ordførar Ola Teigen.

Kinn kommune ber om påmelding til arrangementet innan 24. august.

– Avhengig av tal påmelde vil vi sette opp eigen båt frå Florø, seier Margit Drivenes Kløvfjell i Kinn kommune.

SVANHILD BREIDALEN
svanhild@fjt.no



OPNING: Kinn kommune og Kinn kyrkjelege fellesråd inviterer til opning av kyrkja på Kinn søndag 30. august.
FOTO: GRV SEIM

Opnar ny utstilling om få veker

Fredag 4. september blir det offisiell opning av visningssenteret over historia til Tysklandsbrigaden i Måløyraidsenteret sin fjerde etasje. Oberstløytnant Knut Are Bakke, sjef for HV11, skal stå for den offisielle opninga

I den nye utstillinga ved Måløyraidsenteret vil publikum kunne få oppleve både film, bilde, gjenstandar og historiske dokument frå tida då Norge, og Sogn og Fjordane, var involvert i det fredsbevarande etterkrigsarbeidet gjennom Tysklandsbrigaden.

Veteranforeininga i Sogn og Fjordane overtok arbeidet med å få i stand utstillinga i 2015 etter at eit lokalt styre også hadde jobba med ideen og planane sidan 2008.

– Viktig å få fram sanninga

Leiar i veteranforeininga, Reidar Høyset, meiner det er på høg tid at historia om Tysklandsbrigaden blir løfta fram i lyset og at sanninga kjem fram.

– Det er faktisk i 12. time at vi får på plass dette visningssenteret. Det måtte skje akkurat no elles ville det vere for seint – for det er ikkje mange igjen av tidsvitna som var i Tyskland med brigaden. Og dei som framleis er her har nådd høg alder. Men Tysklandsbrigaden er jo den første fredsbevarande styrka Norge sendte ut. Og totalt var det 50.000 mann involvert. Det er viktig for oppveksande generasjonar å få innblikk i denne historia.

Lokal veteran Odd Oldeide frå Holvik er heilt einig.

– Det herskar mange misforståingar om Tysklandsbrigaden, og det viktige arbeidet som faktisk blei gjort av nordmenn i Tyskland er ikkje så godt kjend. Så dette er absolutt viktig å få fram i lyset og dokumentert for ettertida.

HV-sjefen skal klippe snora
Veteranane har jobba med å få



SNART KLARE: Fredag 4. september blir det offisiell opning av visningssenteret over historia til Tysklandsbrigaden i Måløyraidsenteret sin fjerde etasje. Leiar i Sogn og Fjordane veteranforeining, Reidar Høyset (t.v.), håpar mange vil møte opp utanfor Heradsheim på dagen og skape litt liv og røre. Veteran Odd Oldeide (t.h.) har vore involvert i arbeidet med utstillinga sidan 2008. **FOTO: SVANHILD BREIDALEN**



NY UTSTILLING: Den nye utstillinga i fjerde etasje går inn som ein del av opplevelsessenteret over krigshistorien.

på plass sponsorar og finansiering til visningssenteret, samt samla inn gjenstandar, uniformar, våpen, bilde og film for å kunne dokumentere denne viktige delen av etterkrigshistoria. Dei er ikkje heilt i mål, men dei har samla inn mykje.

– No skal vi opne utstillinga med det vi har så langt, og så vil vi nok supplere med meir etter kvart, seier Høyset.

Det er oberstløytnant Knut Are Bakke, sjef for HV11, som skal stå for den offisielle opninga fredag 4. september. Det vil også bli helsingar frå dei som ønskjer å seie noko på

dagen, og truleg noko underhaldning, før den offisielle snorklippen.

Etter at den nye utstillinga er opna blir det omvising i visningssenteret for inviterede gjester, som er veteranar frå Sogn og Fjordane med følge.

– Vi håpar jo at mange vil møte opp utanfor for å skape litt stemning rundt opninga.

Måløyraidsenteret har elles vanlege opningstider, så det vil også vere mogleg for publikum å få sjå utstillinga.

SVANHILD BREIDALEN
svanhild@fjt.no